



Aldersspennet og vennskapet i vinnargruppa var stort. Her er yngste medlem Bente Halvorsen på skuldrane til bandleiar Marius L. Torjusen. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Karmøy Brass Festival** vart arrangert denne helga. Som ein del av programmet, vart det avvikla ein Idol-konkurranse for deltakarane fredag. Svært mange av deltakarane heldt godt nivå, og kvinnheringane markerte seg flott på resultatlistene. Vinnarar vart "The very, very youngblod band". Grunnstamma består av rosendelingar og uskedelingar, men dei har og medlemmer frå Stord, Karmøy og Hafrsfjord.

Grappa vart etablert i samband med festivalen. Initiativstakar og bandleiar er den dugande rosendalsguten Marius L. Torjusen. Øvinga starta like etter at bussen var parkert på Karmøy, og ved å utnytta alle pausar til øving, var dei klar til deltaking då Idol-konkurransen starta i halv ti tida.

Konkurransen vart arrangert første gang i fjor utan å bli ein umiddelbar suksess, men dette året var kvaliteten på eit heilt anna nivå, og det var kjekt å registrera at kvinnheringane dominerte resultatlisten ved å ta fire av dei fem første plassane.

Populær vinnar var "The very, very youngblood band" som bestod av 8 blåsarar samt ein rytmeseksjon på 3. Dei spela youngblood-musikk, ein sjanger som er ny for underteikna. Den kan plasserast mellom storband og brassband, svingande musikk med trøkk og presisjon. Det var tydeleg at publikum i det fullsette auditoriet var begeistra for framføringa. Applaus og stemmetal fortel alt om det!

Desse spela i gruppa: Elisabeth Fylkesnes(Langeland sk.k.) og Vegard Døssland, begge kornett, Bjørn Naterstad, trombone, Marius L. Torjusen, Tobias L. Torjusen og Marie Helle(Hafrsfjord sk.k.) på euphonium/baryton, og Sebastian L. Torjusen og Thomas Halvorsen, begge tuba. Rytmeseksjonen bestod av Anikka Olsen(Norheim sk.k.) på trommer, og Katrine Y. Røssland og Bente Halvorsen på maraccas.

Den unge jenteduoen Bertine og Margrethe frå Høylandsbygd imponerte med vakker song i det kjende nummeret "Tir na noir", og sikra seg tredjeplassen. Også Alexander Fredheim og Inghild Fjell Helleland leverte gode songprestasjonar, og dei delte fjerdeplassen på resultatlista.

Premien i konkurransen var at vinnarane skulle få vera med på denne flotte festkonserten lørdag kveld. Etter meir øving leverte dei der ei framføring som verkeleg vart lagt merke til av det store og kyndige konsertpublikummet på over 500. Det måtte vera fantasisk å stå på scenen og ta mot den enorme applausen og dei positive utropa!

At desse ungdommane vart presentert som uskedelingar og rosendelingar i ein slik samanheng, må vera den beste reklame for bygdane og kommunen dei kjem frå.

Preminen var ei flott oppleving også for dei unge musikantane. Dei fekk svært mange og positive tilbakemeldingar etter konserten.

Av Thor Inge Døssland



Det var mange og gode tilbakemeldingar etter festkonserten. Her er tubaistane Sebastian og Thomas og kornettistane Vegard og Elisabeth i samtale med The Tubaplayer himself – Pål Magne Austnes. (Foto: Thor Inge Døssland)